
Saksnr: 2021/21417-12
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet		04.10.2021

Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033**Forslag til vedtak**

1. Trafikktryggingutvalet kjem med følgjande uttale til Regional transportplan

Samandrag

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høyringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) på høyring, dette i tråd med pbl. §8-3. Regional transportplan (RTP) er det øvste strategiske dokumentet for samferdselssektoren i Vestland fylke. Planen består av fire dokument

- Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033
- Handlingsprogrammet til RTP
- Strategi for mjuke trafikantar
- Strategi for berekraftig mobilitet

Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på alle dei fire dokumenta.

I RTP finn de mål, delmål, og strategiar som legg føringar for korleis vi skal jobbe for å nå måla. Handlingsprogrammet inneheld ein omtale av kriterium for prioriteringar og utviklingstiltak.

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Torill Klinker
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Vestland vedtok 01.juni 2021 å sende høyringsutkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) på høyring, dette i tråd med pbl. §8-3. Regional transportplan (RTP) er det øvste strategiske dokumentet for samferdselssektoren i Vestland fylke. Planen består av fire dokument

- Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033
- Handlingsprogrammet til RTP
- Strategi for mjuke trafikantar
- Strategi for berekraftig mobilitet

Vestland fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på alle dei fire dokumenta.

Det er viktig at det er god samanheng mellom utfordringsbilde i fylket og tiltaka som gjennomførast, difor har avdelingsdirektøren sett opp nokre hjelpespørsmål i forbindelse med høyringa:

- Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkeleg grad?
- Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket?
- Er det god samanheng mellom mål og strategiar?
- Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?
- Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering står det at trafikktryggingsutvalet skal krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på økonomien til fylkeskommunen. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan medføre kostnader.

Klima:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på klima. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan medføre kutt eller auke i klimagassutslepp.

Folkehelse:

Høyringsinnspel har ikkje direkte verknad på folkehelse. Men tiltak som følgje av høyringsinnspel kan ha innverknad på tilgjenge og folkehelse

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I Utviklingsplanen for Vestland 2020 - 2024 står det at det skal utarbeidast ein ny regional transportplan som er basert på dei to gamle transportplanane frå dei gamle fylka.

Konklusjon

Innspel frå trafikktryggingsutvalet er viktige innspel for å sikre at planen tek omsyn saker som er viktige for trafikktryggleik.